

HERØY
kommune



Lokal rammeplan for SFO

2022-2026



EI BÅTLENGD FØRE

1. OM RAMMEPLANEN

Opplæringslova og nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga legg føringar for drift av alle skulefritidsordningane i landet. Med utspring i desse, har Herøy laga sin eigen rammeplan som passar våre lokalmiljø. Den lokale rammeplanen legg føringar for kva SFO i Herøy kan legge til rette for – anten avdelinga er stor eller liten, og uansett kvar i kommunen den er lokalisert.

Utviklingsområda i denne planen samsvarar med aktivitetssområda leik, kultur, fysisk aktivitet og mat- og måltidsglege. Dette skal vere fokus fram til 2026. For å nå måla, skal alle tilsette i SFO få auka kompetanse innanfor desse fire områda. Korleis kvar SFO-avdeling vil arbeide med dette, kjem fram av den einskilde SFO sin årsplan.

- Lokal rammeplan skal vere forpliktande for skulefritidsordningane i Herøy kommune.
- Lokal rammeplan skal vise kjenneteikn ved det totale tilbodet i kommunen.
- Barn i Herøy skal ha eit godt SFO-tilbod uavhengig av kvar dei går på skule.
- Skulefritidsordningane i Herøy skal stå for kvalitet. Dette betyr at alle tilsette skal vere kjende med kva som står i opplæringslova og rammeplanen.
- Lokal rammeplan skal vere styrande for utviklingsarbeid og kompetanseheving.
- Lokal rammeplan skal sikre alle barn i Herøy eit godt grunnlag for livsmestring.

For å sikre eit heilskapleg perspektiv på barn sin oppvekst og utvikling, bør SFO og skule samarbeide tett. Når SFO er knytt til skular, skal rektor til vanleg vere verksemda sin leiar, jf. opplæringslova § 13-7. Rektor kan delegere oppgåver til ein som får ansvar for den daglege drifta av SFO. I Herøy er dette ein koordinator.

Opplæringslova kapittel 9 A om elevane sitt skulemiljø gjeld også for SFO, bortsett frå dei unntaka som følgjer av § 9 A-1. Kapittel 9 A handlar om retten til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø i SFO og plasserer ansvaret for barna sin tryggleik hos dei vaksne. Personalet i SFO er også omfatta av meldeplikta til barnevernet, jf. barnevernlova § 6-4. Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.m. gjeld også for SFO.

Rammeplanen presiserer og utdjuvar verdigrunnlaget for SFO. Verdigrunnlaget for SFO er bygd på grunnleggande verdiar som også gjeld for barnehage og grunnopplæring. Noreg har slutta seg til internasjonale konvensjonar, slik som FN sin konvensjon om barnet sine rettar og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar. Verdigrunnlaget er også bygd på desse.

Herøy kommune sin lokale rammeplan for SFO er bygd på den nasjonale rammeplanen for SFO som består av seks kapittel:

1. Om rammeplan for skulefritidsordninga
2. Skulefritidsordninga sitt verdigrunnlag
3. Innhaldet i skulefritidsordninga
4. Ein inkluderande skulefritidsordning
5. Samarbeid i skulefritidsordninga
6. Kvalitetsutvikling

Rammeplanen har status som forskrift med heimel i opplæringslova § 13-7.

Sektor kultur og oppvekst
Fagleiar

Innholdsliste

1.	OM RAMMEPLANEN	1
2.	VERDIGRUNNLAGET TIL SFO	4
3.	INNHALDET I SFO	5
4.	EKSEMPEL PÅ AKTIVITETAR I SFO	6
5.	KOMPETANSEUTVIKLING 2022 - 2026	10
6.	OPNINGSTIDER OG PRISAR	11
7.	STYRANDE LOVVERK, VEDTEKTER OG PLANAR	12
	Årsplan for SFO, mal	13

2. VERDIGRUNNLAGET TIL SFO

SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles med formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO, og prege innhaldet og arbeidsmåtane.

1. Tryggleik, omsorg og trivsel

SFO skal ta vare på barn sine behov for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrsløse og behov for anerkjenning. Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati. I SFO skal det enkelte barn både få omsorg og få høve til å gje omsorg. SFO skal fremje barn sin fysiske og psykiske helse, og bidra til at dei opplever glede og meistring. SFO skal støtte utvikling av trygge og gode relasjonar mellom barna og mellom barna og dei vaksne og mellom SFO og heimane. SFO skal fremje inkludering, og bidra til at alle barn har høve til å utvikle vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler. Barna skal ha høve til både aktivitet og kvile i løpet av tida dei er i SFO.

2. Mangfald og inkludering

Respekt for ulikskap og mangfald skal leggest til grunn for arbeidet i SFO. Å anerkjenne barna sine ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar kan bidra til at de, i fellesskap med andre, får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og til eigen og andre sin kultur og erfaringsbakgrunn. Samiske barn i SFO skal få støtte til å bevare og utvikle sitt språk og sin kultur. SFO skal innrettast slik at alle barn får gode utviklingsvilkår, uavhengig av barna sine føresetnader og behov for tilrettelegging, og bidra til at alle barn er ein del av ein inkluderande fellesskap.

3. Skaparglede, engasjement og trong til å forske

Ved å ta utgangspunkt i barna sin skaparglede, engasjement og trong til å forske, skal SFO ha gode rammer for heilskapleg utvikling og læring. Læring i SFO skal først og fremst gå gjennom leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med SFO sitt personale. Leik er ein typisk aktivitet for barn, og leiken har eigen verdi. SFO skal prioritere tid og rom for leik. SFO skal støtte barna sin lyst til å skape og være kreative, engasjerte og utforskande. Innhaldet, arbeidsformene og det fysiske miljøet i SFO skal støtte opp under barna sin lyst til å leike, skape, utforske og meistre.

4. Demokrati og fellesskap

SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og bygge sitt virke på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av et likestilt samfunn der alle har høve til å bli sett og høyrte. Barna skal stimulerast til deltaking i fellesskapen. Barna skal få støtte til å inkludere andre sitt perspektiv, handtere og respektere ulike meininger, samt finne felles løysingar. Å delta i fellesskap handlar både om at barna får øve på å tilpasse seg andre, men også sette egne grenser og uttrykke egne behov. Barn har rett til aktivitetar tilpassa deira alder og føresetnader. SFO skal trygge eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø jf. Oppl.ova kapittel 9 A.

5. Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige tilhøve. SFO skal støtte opp under verdiar, haldningar og handlingar som fremjar eit berekraftig samfunn, og støtte barna i å utvikle glede over naturen og ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. SFO skal oppmuntre barn til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta godt vurderte val. Barn skal få forståing for at den enkelte sine handlingar betyr noko for omgivnadane og fellesskapen

3. INNHALDET I SFO

SFO i Herøy legg til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulike alder og med forskjellig funksjonsnivå. Innhald og arbeidsmåtar legg til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn, der barna er ein medverkande part.

SFO skal ha eit helsefremjande innhald. I Herøy legg vi opp til aktivitetar både inne og ute, alt etter kva areal aktiviteten krev. Aktivitetane i SFO tek omsyn til barn si psykiske og fysiske helse, og bidreg til livsglede, meistring, sjølvutvikling og trygg identitet. SFO i Herøy vil støtte opp under at alle barn har høve til å utvikle vennskap.

Bruk av digitale ressursar i SFO skal skje på ein hensiktsmessig og forsvarleg måte. Vi bruker digitale ressursar for å stimulere barn til utforsking, kreativitet og samhandling. Vi tek vare på barn sin tryggleik på nett og overheld reglar for personvern.

Aktivitetane i SFO skal ta vare på barna sine interesser til ei kvar tid. SFO i Herøy er ulike i storleik og i geografisk plassering. Vi legg difor opp til eit mangfald av aktivitetar, slik at barn får mest mogleg like høve til utvikling i den tida dei nyttar seg av opphald i SFO. Vi er bevisste på at aktivitetar skal vere inkluderande, meningsfulle og støtte opp under aldersadekvate utviklingsbehov. I Herøy skal alle barn ha eit meningsfylt opphald i SFO, som støttar læring i leik.

SFO skal også vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og gi barna glede og høve til motorisk utvikling. I Herøy er vi heldige som har flott natur og frisk luft rundt oss. Vi nyttar høve til å bevege oss og vere i naturen så ofte vi kan – helst kvar dag. SFO legg til rette for lystprega aktivitetar som motiverer barn til å vere fysisk aktive. Dette kan vere både organiserte og frivillige aktivitetar.

SFO skal legge til rette for fred og ro kring felles måltid slik at barna får utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode mat- og helsevanar. Nasjonal rammeplan legg føringar for daglege måltid i SFO. Dette kan vere eigen matpakke eller felles måltid i regi av SFO som t.d. ein varm rett, grilling ute, baking, vaflar, grønsaksuppe.

Felles for alle daglege måltid er reinsemd, bordskikk, ro og fred, gode samtalar, respekt for andre, felles glede og hygge. Barna tek del ved å hjelpe til med å dekke på og av bordet, og ved å lage trivelege rammer rundt måltidet.

Føresetnadane for å oppleve kunst og kulturuttrykk skal ligge til rette også i SFO. I Herøy sine SFO vil vi arbeide for at barna kan delta i forskjellige kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og andre skapande aktivitetar. Dette samarbeider vi med kulturskulen om.



4. EKSEMPEL PÅ AKTIVITETAR I SFO

Leik

Mål	Retningsgjevande føringar
<ul style="list-style-type: none"> • Alle barn skal få delta aktivt i leik kvar dag • Alle barn skal få oppleve meistring i leik • Leiken skal stimulere til venskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet • Leiken skal stimulere til engasjement • Leiken skal skape inspirasjon til allsidig utvikling og læring • Barn med særskilte behov skal også kunne delta i leiken 	<ul style="list-style-type: none"> • Leiken skal ha stor plass i SFO • Leikeaktivitetar og utstyr skal passe alle • Leikeaktivitetane skal stimulere til kreativitet og vere varierte og utviklande • Dei vaksne skal vere synlege og tilgjengelege og rettleie barna om det trengs • Leikeaktivitetane kan understøtte faglege aktivitetar i skuletida • Leikeaktivitetane skal vere inkluderande
Døme på aktivitetar:	
<ul style="list-style-type: none"> • Leik med dokker og dokkeutstyr • Leike butikk • Leike kafé • Songleikar • Brettspel • Lego • Plusplus • Konstruksjonsleik • Bingo 	



Kultur

Mål	Retningsgjevande føringar
<ul style="list-style-type: none"> • Alle barn tar i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede • Alle barn møter eit mangfald av kulturelle uttrykksformer • Alle barn får arbeide med kulturuttrykk ved bruk av ulike teknikkar, materiale, verkty og teknologi • Alle barn deltek i kulturopplevingar saman med andre 	<ul style="list-style-type: none"> • SFO skal legge til rette for at barna får delta i frivillige kunst- og kulturaktivitetar. • SFO skal legge til rette for at borna kan utforske og eksperimentere med konstruksjonsleikar og spel • SFO skal legge til rette for at borna får høve til å uttrykke seg kreativt • SFO skal samarbeide med kulturskulen og frivillige organisasjonar
Døme på aktivitetar	
<ul style="list-style-type: none"> • Dans • Garasjeband • Instrument • Øysteins blyant • Brevskrivning • Teikning og maling • Nabbiperler • Klipping og liming • Strikke, fingerhekle, veve, sy • Lage ting og lime med limpistol • Modellkitt/leire/plastilina 	




Fysisk aktivitet og rørsleglede

Mål	Retningsgjevande føringar
<ul style="list-style-type: none"> • SFO legg til rette for aktivitetar både ute og inne • SFO legg til rette for motorisk utviklande aktivitetar • SFO legg til rette for at aktivitetane skal skape glede og samhold • SFO skal legge til rette for aktivitetar som motiverer barna til å vere fysisk aktive • SFO legg til rette for aldersadekvate aktivitetar 	<ul style="list-style-type: none"> • SFO skal være en arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje barn si rørsleglede og motoriske utvikling. • SFO skal legge til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet • Barn i SFO skal ha høve til å vere ute litt kvar dag • Dei vaksne skal legge til rette for eit variert aktivitetstilbod som borna får velje frå • Aktivitetane skal passe barn i den aktuelle alder og barn si fysiske helse
Døme på aktivitetar	
<ul style="list-style-type: none"> • Ballspel (fotball, handball, kanonball, slåball, døball..) • Snøleikar (snømann, aking, snowboard, maling i snø) • Skidag • Bygge hytter og teppehus • Hengekøye • Frisbee • Sykle • Gå på insektjakt • Sandkasse • Hinderløype • Ballbinge • Badminton • Barneyoga • Hoppe tau • Leikeapparat ute • Fjøretur • Tur i skogen • Rolleleik • Arrangere kinodag «på ekte», lage billetter og popkorn 	



Mat og måltidsglede

Mål	Retningsgivende føringar
<ul style="list-style-type: none"> • I SFO har vi måltid kvar dag • SFO legg til rette for kjensla av fellesskap kring måltidet • Barna får vere med å lage enkle matrettar • Barna får smake på ulike type mat • I SFO øver vi på god bordskikk • I SFO lærer vi om reinhald og god hygiene 	<ul style="list-style-type: none"> • Matpakke eller mat laga på SFO • Samhald og glede ved å nyte eit måltid i lag • Sitte stille på plassen sin • Vente til alle er klar/vente på tur • Vaske hender • Takke for maten • Dekke på, vaske opp, rydde bord • Dei vaksne bør delta i måltidet • Generell matrutine
Døme på aktivitetar	
Døme på aktivitetar: <ul style="list-style-type: none"> • Dekke bordet • Ta av bordet • Kutte frukt og grønnsaker • Lage enkle rettar som t.d. vaflar • Lage julekaker • Grilling • Lage mat på bålpanne 	



5. KOMPETANSEUTVIKLING 2022 - 2026

For å sikre at barn som går i SFO i Herøy skal få så likt tilbud som råd, blir det arrangert inspirasjonskveldar og «work shops» der dei tilsette får dele erfaring og lære av kvarandre. Det er også viktig med eit nært samarbeid mellom skule og SFO. Verdigrunnlaget og 9A er felles for barnehage, skule og SFO, og det er difor viktig med felles forståing for kva som er ein inkluderande og verdiskapande praksis. Dette arbeidet er ein kontinuerleg prosess, og handlar om å skape ein fellesskap der mangfald er naturleg og der alle kan finne sin plass, oppleve læring, trivsel og anerkjenning.

Inspirasjonskveldar/idémyldring med tema:

- Matglede
- Barn med utfordrande åtferd
- Læringsmiljø
- Lesestimulerande leikeaktivitetar
- Aktivitetar inspirert av kunst og kultur



<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/>

6. OPNINGSTIDER OG PRISAR

1. Opphaldstid

Gruppe 1 – inntil 10 t/veka

Gruppe 2 – inntil 14 t/veka

Gruppe 3 – over 15 t/veka

2. Prisar

Prisane for ordinært opphald i SFO er regulert etter tre opphaldstider. Ferieopphald har egne prisar. Alle prisar blir bestemte av kommunestyret kvart år.

3. Moderasjonsordningar

SFO skal vere ein del av det totale tilbodet til alle barn, frå alle kulturar og økonomiske forhold. Difor er det innført ei rekkje moderasjonsordningar for at flest mogleg skal ha høve til å nytte seg av SFO etter skuletid.

- Det vert rekna 25 % moderasjon for barn nr. to og fleire.
- Husstandar med låg inntekt har høve til å søkje om redusert foreldrebetaling for barn på 1.-4. trinn.
- Det er høve til å søkje om gratis SFO for barn på 1. trinn for husstandar med låg inntekt. Gjeld frå 1.8.22.
- Alle barn på 1. trinn får 12 timar gratis SFO i veka. Gjeld frå 1.8.22. Ein kan få ytterlegare reduksjon i pris dersom økonomien tilseier det (sjå pkt. b).
- Det er gratis SFO for barn på 5.-7.trinn med særskilde behov, etter vedtak frå oppvekstkontoret.

Prisar, linkar til søknadsskjema og anna informasjon om SFO finn de på [heimesida](#) til kommunen.

4. SFO i feriane

SFO i feriane (haust, vinter og sommar) er lagt til Bergsøy skule. Alle kan søkje om plass her, sjølv om ein til dagleg nyttar seg av SFO ved ein annan skule. Det er viktig å halde søknadsfristane slik at skulen får lagt gode planar for opphaldstida til dei borna som har søkt, og sikre nok personale på jobb i denne tida. Søknadsskjema og fristar finn de her:

<https://www.heroy.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo/sfo-ferietilbod/>

5. Opningstid og kontaktinformasjon

Avdeling	Morgon	Ettermiddag	Koordinator
Bergsøy, avd. Blåhaugen	07.15 – 08.30	13.10 – 16.30	Wenche Voldsund Tlf. 700 81868
Nerlandsøy	nei	12.50 – 16.30	Aud Ingebrigtsen Tlf. 91 249 248
Einedalen	07.30 – 08.45	13.30 – 16.45	Annette Mari Seljeseth Tlf. 700 84604
Stokksund	nei	12.55 – 16.00	Siv Janita Skorpen Tlf. 700 84649
Moltu	nei	13.15 – 16.30	Dorota Tarnogorska Tlf. 700 84639
Leikanger	07.30 – 08.30	13.10 – 16.30	Eva Gaustad Tlf. 700 84662

7. STYRANDE LOVVERK, VEDTEKTER OG PLANAR

[Opplæringslova § 13-7 Skulefritidsordninga](#) pålegg skulen å ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. trinn og for barn med særskilde behov på 1.-7. trinn. Den seier også noko om blant anna innhald og tilrettelegging.

[Overordna del – verdier og prinsipp for grunnopplæringa](#)

SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdier som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa.

[Kapittel 9 A Elevane sitt skulemiljø](#) i opplæringslova gjeld også for SFO. Den omhandlar barn sin rett til eit trygt og godt psykososialt og fysisk skulemiljø.

[Vedtekter for skulefritidsordninga i Herøy kommune](#) er utarbeidd i tråd med § 13-7 i opplæringslova.

[Nasjonal rammeplan for SFO 2021](#) set rammer for satsingsområde, aktivitetar, samarbeid heim/SFO, leing av SFO og kvalitetsoppfølging av alle SFO-avdelingane i Herøy kommune.

[Meld.St. 6 \(2019-20\)](#) «Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO»

[Meld.St. 18 \(2020-21\)](#) «Opplæve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge»

Årsplan skuleåret 202x – 202x xxx SFO

Periode/tema	Aktivitet	Merknader, feriar og fridagar
August – september 		
Oktober – november 		
Desember 		
Januar – februar 		
Mars – april 		
Mai – juni 		